



DET KONGELEGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Innovasjon Norge  
Postboks 448 Sentrum  
0104 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/1191-4

31. januar 2020

## Statsbudsjettet 2020 - Oppdragsbrev til Innovasjon Noreg

Landbruks- og matdepartementet (LMD) viser til Prop. 1 S (2019-2020) frå departementet samt Stortinget si handsaming av denne jf. Innst. 8 S (2019-2020). LMD gjev i dette oppdragsbrevet rammer for Innovasjon Noreg (IN) si forvaltning av næringsretta verkemidlar på landbruksområdet.

### 1. Oversikt over løyvingar stilt til disposisjon for 2020

For 2020 er det gjort framlegg om at følgjande midlar blir stilt til disposisjon for IN gjennom statsbudsjettet på LMDs område:

Kapittel og post	Ordning	Beløp mill. kroner
1137.71	Løyving til bioøkonomiordninga	2,90
1142.78	Omstillingsmidlar pelsdyrnæringa	19,00
1150,50	Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket	87,00
1150,50	Investering og bedriftsutvikling i landbruket	634,50
1150,50/1151,51	Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og utvikling <sup>1)</sup>	99,50
<b>SUM</b>		<b>842,90</b>

1) 8,2 mill. kroner er løyvd over kapittel 1151, post 51 og er øyremarka den reindriftsbaserte delen av Utviklingsprogrammet.

For oversikt over administrasjons- og gjennomføringskostnader for dei enkelte ordningane viser vi til kapittel 6.1.

Postadresse  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@lmd.dep.no

Kontoradresse  
Teatergata 9  
www.lmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 874

Avdeling  
Landbrukspolitisk  
avdeling

Saksbehandlar  
Siri Lothe  
22 24 92 17

## 2. Mål for IN og andre fellesføringar

Vi syner til oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) for 2020 for fellesføringar og omtale av IN sin målstruktur.

## 3. Oppdraget frå LMD

### 3.1 Landbruks- og matpolitiske mål og prioriteringar

Av Prop. 1 S (2019-2020) går det fram at dei overordna måla for landbruks- og matpolitikken er matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar. Auka innovasjonstakt i landbruket og i den tilhøyrande industrien er sentralt for å nå desse måla. IN sine delmål om fleire gode gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø, er viktige for å nå måla innanfor landbruks- og matpolitikken. I det enkelte oppdrag vil vektinga av dei tre delmåla variere.

Landbruksoppdraget til IN femnar om verkemidlar som særskilt skal stimulere til modernisering, omstilling og effektivisering i det tradisjonelle landbruket, auka sysselsetting, vekst og innovasjon innan andre landbruksbaserte næringar og auka verdiskaping i bio-baserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane. Oppdraget femnar også verkemiddel for å fremje berekraftig reindrift. Vidare femnar oppdraget om verkemidlar som skal stimulere til meir miljøvennlige energiløysingar for sektoren, mellom anna med mål om auka verdiskaping i skog- og trenæringa, samt verkemidlar knytt til teknologiutvikling i landbruket.

Regjeringa har dei siste åra lagt fram ei rekkje meldingar til Stortinget på landbruks- og matområdet, samt fleire strategiar som er sentrale for IN si oppfølging av landbruksoppdraget. Departementet legg til grunn at IN orienterar seg i desse som sentrale rammer for landbruksoppdraget. Av strategiar nemner vi særskilt følgjande:

- Strategien *Skog og trenæringa – ein drivar for grøn omstilling (2019)*
- *Opplevingar for ein kvar smak – Strategi for reiseliv basert på landbruket og reindriffta sine ressursar (2017)*
- Regjeringa sin bioøkonomistrategi *Kjente ressursar – uante muligheter (2016)*

### 3.2 Samarbeid med nasjonale, regionale og lokale aktørar

Det er viktig at det er god dialog mellom verkemiddelaktørane på nasjonalt nivå for best mogleg samordna innsats og god kopling mellom verkemidlar.

Regionalt næringsprogram, som blir utarbeidd i samarbeid mellom fylkeskommunane, fylkesmennene, IN sine distriktskontor og næringsorganisasjonane i landbruket, skal bidra til målretting av den regionale innsatsen for næringsutvikling i landbruket. Det er viktig at IN er godt involvert i arbeidet i regionalt partnerskap. Det må etablerast ein god dialog om landbruksoppdraget som kan sikre forankring, prioritering og kopling av verkemidlar og aktørar for å

løfte landbruks- og matområdet regionalt og lokalt. Med overføring av ansvar for kystskogbruket, regionalt næringsprogram i landbruket og midlane til regionale tilretteleggings tiltak og kompetansenettverket for lokalmat, har fylkeskommunen fått ei forsterka rolle som samfunnsutviklar innan landbruk frå 1.1.2020, jf. kopi av LMDs oppdragsbrev til fylkeskommunane av 7.1.2020. Fylkesmannen skal framleis vere ein aktiv deltakar i det regionale partnerskapet innan næringsutvikling og er statleg sektormyndighet på landbruks- og matområdet regionalt, samt kompetansesenter og bindeledd mellom kommunane og staten i gjennomføring av den nasjonale landbrukspolitikken.

Distriktskontora må ha tilstrekkelig kunnskap og kompetanse innanfor landbruksoppdraget, slik at dei kan bidra aktivt til å mobilisere ressursar og utløyse vekstpotensialet regionalt saman med fylkeskommunane og medlemmer av det regionale partnerskapet elles. IN må også støtte kommunane i deira rolle som fyrstelinje for næringsutvikling og særskilt i sakshandsaminga av IBU-midlar. IN skal også ha dialog med fylkesmannen som fyrstelinje for reindrifta.

## **4. Nærmare om dei enkelte ordningane**

### **4.1 Bioøkonomiordninga**

Bioøkonomiordninga skal legge grunnlag for auka verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane, irekna innovativ bruk av tre. Det er løyvd 2,908 mill. kroner til ordninga over LMD sitt budsjettkapittel 1137 post 71, i tillegg til midlane over NFD sitt budsjettkapittel 2421, post 50. Løyvinga skal fremje auka innovasjonsaktivitet og støtte opp under eit sterkare og meir framtidretta landbruk. LMD ber IN om å holde departementet laupande orientert om landbruks- og matsektorens bruk av ordninga. Vi syner elles til omtale av ordninga i oppdragsbrev frå NFD.

### **4.2 Omstillingsmidlar for pelsdyrnærninga**

Lov om forbod mot hald av pelsdyr blei vedteke 21. juni 2019. Ved sidan av ei kompensasjonsordning for pelsdyroppdrettarar, er det under etablering ei eiga omstillingsordning som skal forvaltast av IN etter retningsliner fastsett av LMD. Ordninga skal bidra til omstilling for pelsdyroppdrettarar som må avvikle som følgje av lovforbodet. Ordninga skal ha ei total ramme på 100 mill. kroner over fem år. 95 mill. kroner av desse skal forvaltast av IN, medan 5 mill. kroner blir avsett til kompetansetiltak og forvalta utanfor IN. Ordninga blir løyvd over kapittel 1142 post 78 som er ein post som kan overførast. For 2020 er det løyvd 20 mill. kroner til formålet, der 19 mill. kroner blir forvalta av IN. Ein mindre del av løyvinga kan nyttast til administrative kostnader i samband med ordninga. IN kan gje tilsegn over ordninga i ein periode på fem år frå 1. januar 2020 til 31. desember 2024. Utkast til retningsliner er sendt til Norges Pelsdyrslag for merknader. LMD vil ettersende dei endelege retningslinene til IN så snart dei er vedtekne.

### **4.3 Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket**

Det er for 2020 avsett 87 mill. kroner til Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling over kapittel 1150, post 50. Hovudtynga av innsatsen på dette området bør bli prioritert opp mot delmålet om fleire vekstkraftige bedrifter. Bioenergi er framleis hovud-prioriteringa i satsinga.

Det er høve til å gje investeringsstøtte til anlegg som kombinerer biovarmeproduksjon med strømproduksjon frå solceller. Det kan også gis støtte til kombinerte el-/varmeanlegg basert på biobrensel, sokalla CHP-anlegg. Det skal stillast same krav til lønnsemd som for reine bioenergianlegg. Biogassprosjekt skal vurderast med utgangspunkt i dei vanlege energi- og lønnskriteria. Utover dette skal IN også legge vekt på heilskapleg miljøgevinst av biogassprosjekta.

Frå 2020 kan det òg bli gitt støtte til investering i varmepumper og solenergi til å dekkje energiproduksjon i eigen landbruksproduksjon. Lønnsemd i prosjekta må ligge til grunn for tildeling av støtte.

Programmet omfattar støtte til utviklings- og utprøvningsprosjekt for å teste ut ny produksjonsteknologi og nye løysingar på gardsnivå som skal bidra til reduserte klimagassutslepp og auka konkurransekraft for næringa. Her vil det m.a. vere viktig å kople leverandørindustri og bonde for å utvikle teknologi og løysingar som endå ikkje er "hyllevare".

Verdiskapingsprogrammet er også eit viktig verkemiddel for å bidra til innovasjon og omstilling ved bruk av fornybar energi og utvikling av teknologi innanfor grøntsektoren og særskilt knytt til veksthus. Det er viktig at det innanfor fornybarprogrammet blir jobba for ein grøntproduksjon med lågare klimagassutslepp, utvida norsk sesong og mindre matsvinn. Energirådgevingsprosjektet til Norsk Gartnerforbund, som dels er blitt finansiert over dette programmet, har fått svært gode resultat. Finansieringa av tiltaket over dette programmet bør vidareførast.

LMD legg til grunn at IN sikrar samordning mot ENOVA når det gjeld støtte til bioenergi og annan fornybar energi. Prosjekt som kan få støtte over ENOVAs ordningar, vil det ikkje vere aktuelt å støtte over dette programmet. Kompetansen og nettverket til fylkesmennene og fylkeskommunane må utnyttast for å sikre ei koordinert fornybarsatsing under dei regionale næringsprogramma. IN bør legge vekt på å sikre tilfredsstillande aktivitet i alle fylke.

### **4.4 Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlar)**

Tilgang på investeringsverkemidlar er ein viktig føresetnad for fornying av produksjonsapparatet i landbruket og framtidig vekst og utvikling i landbruksbaserte næringar. Midla skal bidra til utvikling både innanfor det tradisjonelle landbruket og andre landbruksbaserte næringar.

Det er løyvd 634,5 mill. kroner over kapittel 1150 post 50 til investering og bedriftsutvikling i landbruket i 2020. IN bør prioritere hovudtynga av innsatsen sin innanfor IBU-midla opp mot selskapet sitt delmål om fleire vekstkraftige bedrifter. Forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling skal leggjast til grunn for forvaltninga av midlane. Det er vidare gitt følgjande nasjonale føringar for forvaltninga av IBU-midlar for 2020:

- Støtte til investeringsprosjekt som gir auka matproduksjon skal prioriterast til produksjonar med marknadspotensial.
- Støtte til frukt-, grønt- og veksthusnæringa skal prioriterast.
- 65 mill. kroner av ramma skal avsettast til investeringar innan grønsaker, frukt, bær, poteter og blomster jf. også nærmare føringar for dette i Prop. 1 S (2019-2020).
- 9 mill. kroner av ramma er øyremærka produsentar som ønskjer å etablere småskalaproduksjon av grønsaker, frukt og bær. Det kan bli gitt tilskot til kostnader knytt til etablering av dyrkingsfelt, utvikling og forsyning av lokale marknader, bygging av kjøle- og lagerkapasitet, og tileigning av kompetanse. Utvikling av bærekraftig emballasje kan og omfattast av ordninga.
- I kornproduksjonen skal tilskot til tørke- og lageranlegg prioriterast.
- I vurderinga av lønnsemd i investeringsprosjekta må det takast omsyn til det samla næringsgrunnlaget på bruket.
- Ulike eigarformer skal likestillast ved prioritering mellom søknader.
- Små og mellomstore bruk skal prioriterast ved tildeling av støtte. Innan mjølkeproduksjon er det særleg behov for å prioritere fornying av fjøs med 15–30 kyr.
- Det skal takast omsyn til nye krav til dyrevelferd, medrekna kravet om lausdriftsfjøs, og behov for fornying av driftsapparatet.
- Økologiske produsentar som må gjere større investeringar som følgje av endra krav knytt til implementering av EUs økologiregelverk skal prioriterast.
- Prosjekt med energi- og klimaeffektive løysingar skal prioriterast. Ved bruk av tre som byggjemateriale, kan det i tillegg bli gitt eit tilskot på inntil 20 prosent av innvilga tilskott etter § 3 c, fyrste ledd i forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket, avgrensa oppover til 400 000 kroner. Det skal takast omsyn til graden av trebruk i prosjektet ved utmåling av tilskot.
- Geitemjølkkprodusentar som omstiller til annan produksjon, og som sel heile kvota gjennom oppkjøpsordninga for geitemjølkkvoter, kan få ekstra investeringstilskot på inntil 500 000 kroner. Dette tilskotet kjem i tillegg til eventuell ordinær IBU-støtte. Lønnsemdsvurderingar må liggje til grunn for tildeling av støtte til ny produksjon. Høve til å søkje om ekstra investeringstilskot gjeld til og med 2020. Søknadene må fremjast i samband med dei ordinære søknadsrundane i fylka.
- Det kan løyvast investeringstilskot til bygging av gjødsellager med fast toppdekke eller minimum 10 månaders lagringskapasitet, avgrensa til 20 pst. av godkjent kostnadsoverslag for tiltaket. Øvre grense for tilskot er sett til 100 000 kroner per prosjekt.
- Støtte over IBU-ordninga til omlegging frå fossil energi til fornybar energi i veksthus må sjåast i samband med støtte frå ENOVA.
- Det kan bli gitt inntil 100 mill. kroner i risikolån. Tapsavsetjinga skjer innanfor ramma av IBU-midlane.

- Strategiske føringar frå den regionale partnerskapen er avgrensa til prioritering mellom ulike produksjonar og mellom ulike område i den enkelte regionen/fylket. Faglaga skal inngå i dei regionale partnerskapa.
- Maksimal prosentsats for tilskot til investeringar blir vidareført med inntil 35 pst. av godkjent kostnadsoverslag for investeringa. Den øvre grensa for tilskot på 2 mill. kroner per prosjekt, med unntak for Troms og Finnmark, blir òg vidareført.

Regionalt næringsprogram utarbeidd av fylkeskommunen i samarbeid med IN, fylkesmannen, næringa mfl., legg strategiske føringar for bruken av midla regionalt.

IN har ut over dette høve til å fastsette enkelte sakshandsamingsstandardar for ein meir heilskapleg sakshandsamingspraksis. Vi legg elles til grunn at det framleis er mogleg å gje støtte til bedriftsretta fellesskapsprosjekt over desse midla. Vi ber om at det blir gjort ei god avklaring mellom IN og fylkeskommunane når det gjeld type prosjekt som blir støtta av dei ulike aktørane.

Fordelingsnøkkelen for 2019 for deling av midlar mellom fylka er vidareført også i 2020, men med utgangspunkt i ny regionstruktur jf. tabell nedanfor.

Fylke	Løyving mill. kroner
Viken	59,85
Innlandet	78,14
Vestfold og Telemark	34,57
Agder	30,86
Rogaland	41,04
Vestland	72,03
More og Romsdal	37,77
Trøndelag	80,21
Nordland	36,65
Troms og Finnmark	41,88
<b>SUM*</b>	<b>513,00</b>

\* Totalsum ekskl. avsetning til administrasjons- og gjennomføringskostnader på 47 mill. kroner, samt 0,5 mill. kroner til dekking av kundeeffektundersøkinga jf. pkt. 6.2.

Avsetninga på 65 mill. kroner til investeringar innan grøntsektoren og 9 mill. kroner til investeringar innan småskala grøntproduksjon er avsett nasjonalt og inngår ikkje i den fylkesvise fordelinga av IBU-midlar. Alle fylker har høve til å trekke på desse to rammene.

Enkelte fylke opplever mellom år større pågang etter investeringstilskot enn andre. LMD vil ved behov foreta ei omfordeling av unyttta rammene i løpet av 2020. Ein legg opp til at dette ev. skal skje med bakgrunn i innspel frå IN og i løpet av juni 2020.

## 4.5 Utviklingsprogrammet - landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping

Innovasjon Norge forvaltar 91,3 mill. kroner<sup>1</sup> til Utviklingsprogrammet for 2020 over jordbruksavtala kapittel 1150 post 50 og 8,2 mill. kroner over reindrifftsavtala, kapittel 1151 post 51 til den reindrifftsbaserte delen av programmet. Utviklingsprogrammet skal utviklast i tråd med føringane gitt i årets jordbruksoppgjær og i reindrifftsavtalen 2019/2020, samt styringsgruppa sine signal. IN er sekretariat for styringsgruppa til Utviklingsprogrammet.

Verkemidla i Utviklingsprogrammet og innretninga skal bidra til å nå sentrale mål om næringsutvikling innan til dømes lokalmat, reiseliv Inn på tunet. Meld. st. 31 (2014-2015) "Garden som ressurs marknaden som mål" og regjeringa sin strategi "Oppløvingar for ein kvar smak" er sentrale dokument i arbeidet. Det blir vidare arbeidd med ein strategi for satsinga på Matnasjonen Norge som etter planen skal leggest fram våren 2020. IN vil bli involvert i dette arbeidet.

IN bør prioritere hovudtyngda av innsatsen sin på dette området opp mot delmålet om fleire vekstkraftige bedrifter. Innanfor delmålet om fleire innovative næringsmiljø bør ambisjonane om innovative og vekstkraftige regionar og meir samarbeidsorienterte bedrifter vektleggast.

### *Auka verdiskaping basert på haustbare viltressursar*

Det ligg eit potensial for auka verdiskaping gjennom berekraftig og meir aktiv forvaltning av dei haustbare viltressursane. Dette kan vere tiltak og aktivitetar som omfattar m.a. etablering og vidareutvikling av jaktprodukt med ulik profil og tilrettelegging, og foredling og omsetnad av viltkjøt. Utviklingsprogrammet er eit viktig verkemiddel for oppfølging av handlingsplanen for auka verdiskaping basert på haustbare viltressursar.

### *Aktiv innsats på reinområdet*

IN skal framleis ha ein aktiv innsats og god tilrettelegging ovanfor reinkjøttbedriftene, samt stor merksemd på å få fram potensialet på reinområdet gjennom utviklingsprogrammet og resten av IN sitt verkemiddelapparat. Arbeidsmetodikken som nyttast for bruk av midlane over reindrifftsavtalen skal vidareførast. Departementet viser til at reindriffta har nokre særskilte rammevilkår. Reindriffta er ei urfolksnæring som er unik både i nasjonal og internasjonal samanheng, og som er viktig for samisk kultur. Reindriffta har heilårs beitedrift. Desse tilhøva stiller særskilde krav til individuell oppfølging og bedriftsbesøk.

Avtalepartane har i reindrifftsavtalen 2019/2020 lagt vekt på at Utviklingsprogrammet skal styrke satsinga på produktutvikling. Innovasjon Norge og Marknadsutvalet for reinkjøtt skal samarbeide om å føre vidare samarbeidet som har gitt reinkjøttbedrifter moglegheit til å profilere seg på matarrangement. Ein føresetnad for deltaking er at reinkjøttbedriftene står på felles stand. Dette er viktig for omdømme, for marknadsføring av reinkjøtt og for kompetansebygging for dei bedriftene som deltek. Vidare skal IN saman med

---

<sup>1</sup> I samband med overføringa av dei matfaglege kompetansenettverka frå IN til fylkeskommunane blei det trekt ut 0,7 mill. kroner frå ramma til dekking av fylkeskommunens administrasjons- og gjennomføringskostnader med oppdraget.

Marknadsutvalet for reinkjøtt samarbeide om bransjetreffet i 2020 og SMAK 2020. IN må også vidareføre samarbeidet med Mattilsynet, Matmerk og dei regionale partnerskapa. Det er vidare sentralt at programmet blir sett i samband og koordinert med aktivitetar over Reindriftas utviklingsfond (RUF) og Sametinget sine ordningar.

IN skal i løpet av 2020 legge fram resultatane frå evalueringa av kompetanseprogrammet for næringa for avtalepartane, og presentere på kva måte Innovasjon Noreg skal følgje opp dette programmet.

#### *Auka mobilisering*

Det er gjort fleire evalueringar av ordningane innanfor Utviklingsprogrammet dei siste åra. Dei har i stort synt at ordningane bidreg i tråd med målsettingane i programmet. Pågangen etter midlar både til vekst og bedriftsnettverk har det siste året vore noko mindre enn venta, og IN bør difor styrkje innsatsen for auka mobilisering. Programmet må marknadsførast på ein slik måte at pågang av relevante og gode prosjektsøknader frå alle regionar og frå alle sektorane som er dekkja av programmet blir sikra. Her må m.a. formidling av resultat frå avslutta prosjekt, både til næringa og relevante aktørar, stå sentralt.

#### *Auka synleggjering og omdømmebygging*

Ein viktig del av Utviklingsprogrammet er prosjekt og tiltak som bidreg til auka synleggjering og omdømmebygging innanfor alle målgrupper. Frå 2020 vil Det norske måltid (DNM) inngå i omdømmearbeidet i Utviklingsprogrammet som eit nasjonalt omdømmearrangement på line med IGW og Matstreif. Støtteandelen til prosjektet skal aukast. Konkurransen må få ei endå klarare forankring i heile landet, samtidig som det må leggjast vekt på å auke andelen private samarbeidspartnarar. IN og DNM må samarbeide om eit meir langsiktig opplegg for utviklinga av konkurransen.

I lys av regjeringa sin strategi "Oppløvingar for ein kvar smak" er det behov for å ha ein gjennomgang av tiltaksporteføljen. Det er òg behov for å inkludere Inn på tunet i omdømmearbeidet, med utgangspunkt i at synleggjering av tilbodet vil vere viktig som grunnlag for auka etterspurnad etter tenestene. Det er forventa at IN på relevante område bidreg til gjennomføringa av det tre-årige prosjektet Inn på tunet-løftet 2.

Den norske standen på Internationale Grüne Woche (IGW) er den viktigaste markeringa av norsk mat og reiseliv i utlandet som LMD er involvert i. IGW er ein viktig arena og møteplass for å etablere nettverk mellom næringslivsaktørar og for å bidra til forsterka regionalt samarbeid på mat- og reiselivsområdet. IN har det operative ansvaret for prosjektet i tett dialog med departementet.

Matstreif er ein viktig nasjonal arena for å synleggjere mangfaldet av norsk lokalmat. IN har det operative ansvaret for gjennomføring av matfestivalen. LMD ber IN om å involvere andre sentrale aktørar i verdikjeda for matproduksjon i planlegging og gjennomføring av arrangementet. Prosjektet skal organiserast med ei referansegruppe.



I tråd med føringane i årets jordbruksoppgjer skal Bondens marknad og Norsk Gardsost tildelast høvesvis 2. mill. kroner og 1. mill. kroner kvar for 2020. Støttedelen blir auka.

#### **4.6 Lån til landbruksføremål innanfor lågrisikolåneordninga (kapittel 2421 NFD)**

IN kan som tidlegare gje lån til landbruksføremål innanfor ramma for Lågrisikolåneordninga over NFD sitt budsjett. Det er viktig at IN i si rapportering og statistikkføring framleis opprettheld eit skilje mellom bustadføremål og næringsføremål.

### **5. Administrative fellesføringar**

Departementet viser til dei administrative fellesføringane i oppdragsbrev for 2020 frå NFD, irekna føresetnader og krav samt føringar knytt til administrative forhold, rapportering og evaluering.

### **6. Departementsspesifikke administrative føringar**

#### **6.1 Administrasjons- og gjennomføringskostnader**

Den enkelte oppdragsgjevar skal dekke alle administrasjons- og gjennomføringskostnader (AG-kostnader) utover basiskostnadane for sine oppdrag, med unntak for aktivitetar som skal vere sjølvfinansierande. Selskapet sine basiskostnader vert dekkja av løyvinga over NFD sitt budsjett kap. 2421, post 70. For ordningar som IN forvaltar for LMD skal AG-kostnadane spesifiserast på kvart program/ordning. Rapport for AG-kostnader skal vere klar til kvart halvårsmøte mellom LMD og IN.

Det er gjort ein gjennomgang av AG-kostnadane for 2020 med bakgrunn i vurderingar frå IN. I vurderingane er det også tatt omsyn til unytta rammes for 2019. Om vesentlege endringar i oppgåveportefølja i løpet av året skulle føre til risiko for at rammene blir overstige, ber vi om at IN tek kontakt med departementet.

AG-kostnader for 2019 går fram av tabellen under:

<b>Ordninger og oppdrag</b>	<b>AG-kostnader 2020 mill. kroner</b>	<b>Risikobuffer</b>	<b>Finansiert fra ramme 2020</b>
IBU-ordninga	47,00	0,57	47,00
Utviklingsprogrammet/JA	9,50	0,39	8,00
Utviklingsprogrammet/RA	1,70	0,13	1,70
VSP fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket	5,00	0,25	3,90
Bioøkonomiordninga	0,32		0,32
Omstilling pelsdyrnæring	1,90		1,90
Kundeeffektundersøking	0,70		0,70
<b>Sum alle oppdrag</b>	<b>66,12</b>	<b>1,34</b>	<b>63,52</b>

AG-kostnadane for IBU-ordninga inkluderer også 840 000 kroner til dekking av dei fylkesvise BU-prisane. Når det gjeld dekking av departementet sin del av kundeeffektundersøkinga, ber vi om at utgifta blir trekt frå ramma til dei ulike programma, høvesvis 500 000 kroner frå IBU-ordninga, 100 000 kroner frå Utviklingsprogrammet, og 100 000 kroner frå VSP fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket.

Administrasjons- og gjennomføringskostnadane til IGW og Matstreif skal trekkjast frå løyvinga til Utviklingsprogrammet for vekst og verdiskaping, og kjem i tillegg til kostnadane for programmet som er synleggjort i tabellen ovanfor. Årlege budsjett over prosjektkostnadane til desse to prosjekta skal godkjennast av LMD etter innspel frå styringsgruppa.

## **6.2 Utbetaling, rapportering og styringsdialog**

### **6.2.1 Overføring av midlar, rekneskapsføring og rapportering**

Landbruksdirektoratet har det administrative hovudansvaret for Landbrukets utviklingsfond (LUF), jf. St.prp. nr.1 Tillegg nr. 3 (1999-2000). For ordningar under LUF som blir forvalta av IN, er det lagt opp til periodisk overføring (4-6 gonger per år) av midlar frå fondet. Administrasjons- og gjennomføringskostnadane til kvar ordning blir utbetalt separat frå resten av ramma til ordninga. IN utbetalar og fører rekneskap for tilskot/lån og mottek og fører rekneskap for inntekter frå avdrag på lån. IN må vidareføre kontakta med Landbruksdirektoratet når det gjeld rekneskap og overføring av midlar.

Landbruksdirektoratet har også det administrative hovudansvaret for Reindriftas utviklingsfond (RUF). For løyvingar frå RUF, skal det også leggest opp til periodisk overføring av midlar frå Landbruksdirektoratet til IN (2 gonger per år). Utbetalinga vil skje etter utbetalingsoppmoding frå IN.

Når det gjeld kapittel 1137, post 71, vil det ikkje alltid vere slik at løyvingane kjem til utbetaling same året som dei blir løyvde. Departementet vil komme attende til spørsmål om tilsegnfullmakt på posten jf. romertalsvedtak IV i Prop. 1 S (2019-2020) frå departementet.

### 6.2.2 Rapportering

Det skal rapporterast på bruken av midlane i tråd med rapporteringskalender frå NFD. Det skal rapporterast på bruken av IBU-midlane frå IN sine distriktskontor til fylkeskommunane. Rapporteringa skal inngå i rapporten Innovasjon Norge elles sender til fylkeskommunane. Rapporten skal vurdere verkemiddelbruken opp mot regionalt næringsprogram. Statistikk over fordeling til ulike grupper, som kvinner og unge, i dei ulike program og tenester skal synleggjerast slik at ein sikrar eit godt samanlikningsgrunnlag over tid.

### 6.2.3 Styringsmøte m.m.

Det vil bli lagt opp til to halvårsmøter i tillegg til kontaktmøter mellom LMD og IN i 2020. Det vil også bli lagt opp til ei fellessamling mellom fylkeskommunen, fylkesmannen og IN i løpet av året.

Med helsing

Kristin Orlund (e.f.)  
avdelingsdirektør

Siri Lothe  
fagdirektør

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi

Fylkeskommunen – alle  
Fylkesmannen – alle  
Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
KS  
Landbruksdirektoratet  
Norges Bondelag  
Norges Skogeierforbund  
Norsk Bonde- og Småbrukarlag  
Norske Reindrifsamers Landsforbund  
NORSKOG  
Nærings- og fiskeridepartementet  
Riksrevisjonen